

Nedstrand Kyrkje

Nedstrand Kyrkje vart vigsla 15. juli 1868. Det vart i 1829 laga ein "Normalplan" for kyrkjebygg med standardteikningar av arkitekt Linstow. Nedstrand-kyrkja har mange av grunntrekka frå Linstow, men arkitekt Conrad Fredrik von der Lippe stod noko fritt i si utforming. Koret har eit stavkyrkjepreg og dette får heile rommet til å verka meir lunt og romsleg på same tid.

Altertavla er frå 1611 og har pryda tre kyrkjer i Nedstrand. Thomas snekker er meisteren for dei detaljerike utskjeringane, og Peter Reimers stod for målarkunsten. I 1628-29 var også den kjende tyske målaren Gottrid Hendtzel her. Desse kunstnerane har sett sitt preg på mange kyrkjer, då serleg her i Ryfylke. På veggene mot våpenhuset heng eit epitafium frå 1695 av tollaren Erik Jørgensen Klingenberg og familien hans. Begge konene hans er med og alle barna, dei svøpte symboliserar dei som er døde. Her er og eit epitafium av ein prestefamilie, truleg Hans Godtzen (1696 - 1721). Eit måleri av sokneprest Jørgen Førde (1763 - 1770) heng i koret. Her finn ein og bilete av apostelen Johannes og eit englehovud frå dei gamle pulpitura. Desse pulpitura og epitafium er forma av Tomas snekker og måla av Peter Reimers. Dei to store lysestakane av messing på alteret og brudestolane med det vakre "hyndetrekket" er frå den eldste kyrkja. Lysekruna som heng i koret er frå 1400 - tallet, og er ei av dei eldste i Rogaland.

Barokk-kruna øvst i langskipet er ei votivgåve etter eit skipsforlis på Nedstrandsfjorden i 1725. Denne har inskripsjon frå dei attlevande. I 1906 fekk kyrkja sitt første orgel, eit Landrog-orgel produsert i Haugesund. Orgel-byggjaren ætta frå Nedstrand. Nytt orgel vart innsett i 1989 og har 14 stemmer fordelt på 2 manualar og pedal. I våpenhuset kan ein sjå nøkkelen til den eldste kyrkja som stod inne på den gamle middelalder-kyrkjegarden nede ved elva. Her finn ein og malmkrossen på grava til den første ordføraren i Nedstrand, prost Hans Chr. Ebbesen. Krossen er oppsett av kyrkjelyden i 1850. Den inngjerda gravplassen til sorenskrivaren og hans familile på Sandsgård ligg og her. Gapestokken står utanfor den gamle kyrkjegardsmuren og vart oppsett i 1719. Her var og tidlegare inngangsporten til dei to eldste kyrkjene.

Prestegarden låg på den andre sida av elva frå middelalderen og fram til 1920. Huset vart då flytta frå elva og opp på Storåkeren ved kyrkja.

